



Åsmund Kåre Rørvik frå HUSnes Vekst, her saman med Alf og Harald Hjørnevåg.

Vi har alt å vinna på eit godt samarbeid med bygdene rundt Husnes. Ja, det er ein føresetnad om Husnes skal vera eit velfungerande regionscenter. Dette var noko av det leiar i Husnes Vekst, Åsmund Kåre Rørvik, sa på møte med Uskedal utvikling i går. Av mange gode tiltak er mange av dei samanfallande med det som står i Uskedal utvikling sin handlingsplan.

Ein ny fleirbrukshall vil innehalda ein større klatrevegg. Uskedalen og Ulvanoso er plassen for klartring, men før det må det leggjast eit grunnlag med opplæring. Her vart det skote inn at klatregruppa i Turlaget har funne ein høvande treningsvegg i Børsdalen. Merka fjellruter på vestsida av Uskedalen mot Husnes skal GPS festast og på den måten gjerast meir brukarvenlege for turgåarane.

Kommunale og statlege arbeidsplassar vil alltid vera ei viktig arbeidsoppgåve på Husnes. Her må kommunen vera førebudd og gripa det som måtte koma. Oppstart av B hallen på Hydro kan utløysa investeringar nær på ein milliard kroner, noko som vil ha stor positiv verknad i heile kommunen.

Trafikksikring, samferdsle, tomteland er nokre vektlagde handlingsområde på Husnes. Som i Uskedalen vert det arbeid for omsorg og bustader for eldre. Samarbeidet med kommunen vert opplevd som godt, bortsett frå at plankapasiteten er for dårleg. Saker og søknader stoppar i påvente av behandling.

Møte med Husnes Vekst vart på alle måtar oppfatta som positivt. Eit sterkt og velfungerande Husnes er ei god sak for Uskedalen. Vi har alt å vinna på gode samarbeidstiltak.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringdal